

Grepa krim

Kjell H. Mære:
«Fra Helvete og ned»
Commentum forlag 2008

Med «Fra Helvete og ned», ein Valdres-krim som strategisk nok kjem ut rett før påske, har Kjell H. Mære rett og slett gjort godt handverk. Dette er ein innhaldsrik, medrivande og godt oppbygd krim som fortener å bli lesen. Det er lite å plukke på, bortsett frå ein alvorleg ting: boki er for kort.

Politifyrstebetjent Thor Due ved lensmannskontoret på Fagernes er helten både i denne og førre boki frå Mære. Denne gongen har han trøbbel på heimfronten, samstundes som han kjem opp i ei innfløkt sak. Eit bortgøymt og verdifullt måleri blir funne att på sveltihel-garden Helvete i Øystre Slidre, og dette løyser ut ei rekkje brotsverk. I bakgrunnen lurar ein tidlegare yrkesoffiser som driv utpressing mot fleire av sine gamle undergjevne. Dei som kjem ut for utpressaren blir naturleg nok desperate, og utsikt til hemn over utpressaren og raske pengar gjev dei ein logisk grunn til både menneskejakt, tjuveri, og drap. Her greier forfattaren å skapa sympati hjå lesaren både for heltane og skurkane, slik ein god krimforfattar skal: me skjønar at dette i teorien kunne hendt oss

sjølve, og me kjenner oss att i det romanfigurane slit med. Skilsmåål, skam, sinne og sorg er jamt fordelt over heile persongalleriet.

Sjølve gromguten, Thor Due, er ikkje betre han heller. Han har rota seg bort i utruskap, og lyt slite både med det og ei sak som blir vanskelegare og farlegare utover i boki. På denne måten lagar Mære ei stigande spenning som ikkje løyser seg opp før på dei siste sidene, heilt etter krimoppskrifti. Me får òg gode og grundige person- og miljøskildringar i dei fyrste kapitli. Dette er noko av det beste i boki, for her får forfattaren den tidi og plassen han treng. Eg mistenkjer at Mære har voge ordi sine nøyare her, og det løner seg. Fleire avsnitt er rett og slett vakker lesnad. Nokre feilskjer er det òg, men det kan me tilgje.

Mot slutten går tempoet opp. Der går saki heilt til topps både hjå internasjonale kriminelle og militære. Det er truverdig og spennande, men altfor kort, og fleire viktige personar blir nemnde berre i forbiifarten. Her burde forfattaren teke seg tid til (og forlaget burde oppmoda til) å skrive heilt ut. Det kunne heva denne boki frå ein ypparleg påskekrim til ei ypparleg, storfelt spenningsbok med utgangspunkt i Valdres og forgreiningar langt utanfor, både i tid og rom.



Tenk å få ei slik bok i dalen! For min eigen del ville eg med glede lese ei bok på ein 500-600 sider frå Mære, fordi «Fra Helvete og ned» er soppass godt skriven og oppbygd.

Kjell H. Mære viser i denne boki at han kan grunnarbeid og bakgrunnsopplysningar, og at han kan binde saman mange ulike handlingar og personar på ein flott måte som berre få gjer honom etter. Neste gong bør han gje seg mykje meir lov til det òg. Eg gler meg alt. Skriv meir, mann!

Eivind Ødegård